

## Pasientar og pårørande si **rolle** i tilsynssaker

Når det har gått gale i helse-tenesta, er det tilsynet som har oppgåva med å gå gjennom hendinga og vurdere om personell eller verksemd har handla i samsvar med lova. Formålet med tilsynet er å fremje kvalitet og tryggleik i helsetenesta. I tilfelle der helsepersonell har brote helsepersonellova, kan ein reagere mot helsepersonellet eller verksemda. Statens helse-tilsyn måler ikkje ut straff, det er ei oppgåve for påtalemakta.

Pasienten kan etter helsepersonellova § 55 be om at ei behandling blir vurdert. Tilsynet har som praksis at oppmoding frå pårørande til avdøde pasientar er likestilt med oppmoding frå pasientar etter § 55. Pasientar eller pårørande er ikkje partar i tilsynssaka. Dette vart vedteke da helsepersonellova vart behandla og vedteken av Stortinget.

Kva stilling pasientar og pårørande skal ha i tilsynssaker, har vore debattert. Det er hevda at stillinga deira må styrkjast, og at pasientar bør være part i tilsynssakar (dokument 8-forslag (Dok. 8:106) i Stortinget 15. juni 2010).

Helse- og omsorgsdepartementet sette derfor 12. november 2010 ned eit utval som skulle vurdere kva rolle pasientar og pårørande skal ha i tilsynssaker. Utvalet la fram rapporten sin 15. april 2011. Utvalet meinte at dagens regelverk ikkje reflekterer

interessene til pasientar og pårørande godt nok. Eit samla utval foreslo at pasientar eller pårørande skal få utvida rett til innsyn og uttale i sjølvmelde tilsynssaker som blir behandla av Helsetilsynet i fylket (no Fylkesmannen), sjølv om dei i juridisk forstand ikkje er partar i saka. Eit fleirtal i utvalet meinte at pasientar og pårørande også bør ha klagerett på avgjerdene som blir tekne av Helsetilsynet i fylket. Eit samla utval meiner at spørsmålet om å gi partsliknande rettar til pasientar og pårørande berre bør omfatta saker som blir behandla av Helsetilsynet i fylket, og ikkje saker som blir behandla av Statens helsetilsyn og Statens helsepersonellnemnd. Rapporten har vore til høyring og blir no behandla i departementet.

I ei tilsynssak vurderer tilsynet om helsepersonell eller verksemda har brote helselovgivinga. Ei sak kan starte med ei oppmoding frå pasient eller pårørande. Pasient og eventuelt pårørande kan bidra med informasjon om hendinga, og dei blir haldne orienterte om saksbehandlinga. Dei får informasjon om avgjerda i saka. Dei er ikkje part i saka og er såleis ikkje aktørar på same måten som helsepersonell og verksemdar. Dei har mellom

anna ikkje rett til å klage på avgjerda. Helsepersonell og verksemd har rett til å klage på vedtak om sanksjonar.

Ein kan vente at tilsynet blir gjennomført profesjonelt og etterretteleg. Vi er merksame på at pasientar og pårørande og helsepersonell kan oppleve det som belastande å vente på at tilsynet skal behandle ei tilsynssak. For helsepersonell som er involvert, kan det også vere tyngjande dersom

media omtaler saka. Ei tilsynssak vil ikkje alltid gi pasienten eller dei pårørande svar på alle spørsmål etter ei hending sidan temaet for vurderinga er om helselovgivinga er broten.

Helsetenesta har eit ansvar for å følge opp pasientar og pårørande etter alvorlege hendingar. Det er viktig at dei får informasjon om hendinga og om korleis dei kan

vente å bli følgde opp. Informasjon om Norsk pasientskadeerstatning er til dømes viktig ved skade på pasient. God informasjon og oppfølging er viktig for å skape tillit til helsetenesta.



Eit samla utval foreslo at pasientar eller pårørande skal få utvida rett til innsyn og uttale i sjølvmelde tilsynssaker som blir behandla av Helsetilsynet i fylket”